

## RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2017/903

### **Kula og Myggen minifestival 25.mars 2017**

#### **Gjennomføring:**

I mars så gjennomførte KFUK-KFUM Bjørgvin krets ein ny barnefestival for barn mellom 3 og 13 år. «Kula og Myggen minifestival» vart gjennomført laurdag 25.mars 2017 som ein aktivitetsdag samansett av fellessamlingar og aktivitetsgrupper. Bakgrunnen for arrangementet er at vi har dei seinare åra følt at vi har mangla eit programtilbod som famnar både barn og tweens i same arrangement. Vi ønskte også å lage eit arrangement som det skulle vere lett å vere med på, både for medlemsgrupper og ikkje medlemmar, der programmet var tilpassa barn mellom 3 og 13 år. På arrangementet kom det om lag 50 barn, samt ca. 25 leiarar og andre frivillige medarbeidarar (husband, programleiarar, seminarleiarar, matansvarlege og praktisk crew). Dette er vi nøgde med, og vi fekk gode tilbakemeldingar frå dei som var med på at dette var eit kjekt arrangement å vere med på, og det var veldig fint at det var ope for barn i alle alder.

Både medlemmar og ikkje-medlemmar deltok. Dei som ikkje var medlemmar hos oss, hadde gjerne vennar som var med eller hadde tilhøyrsløse i ein kyrkjelyd som har barnegrupper som er innmeldt hos oss. Vi ser at det ofte er noko vanskeleg å nå ut til ikkje-medlemmar, men vi jobbar kontinuerleg med korleis vi kan nå enno breiare ut til målgruppene våre.

Festivalen hadde eit godt og variert program. I KFUK-KFUM legg vi vekt på at vi er heile menneske, med ånd, sjel og kropp – og at vi treng å bruke heile oss for å føle oss som eit heilt menneske, og dette kjem også fram i programmet for festivalen, der det er både fysisk aktivitet, fagleg påfyll, åndeleg påfyll og ro for sjel og sinn. Sidan minifestivalen var eit par veker før påske var temaet for festivalen «Påske og stå opp». Påskebodskapen er eit gledebodskap som vi ønskjer å formidle til barna på ein truverdig og enkel måte, og som framstår som relevant i dagens samfunnskontekst. Temaet hadde hovudfokus på påskebodskapen om Jesu oppstode, spegla gjennom songane som vart brukt, der fleire var henta frå KFUK-KFUM si nye musikkutgjeving «Stå opp», andakt som omhandlar påskebodskapen, dramatisering om påska på dramaseminaret, og hobbyaktivitetar.

Vi starta dagen med fellessamling der barna fekk helse på barnemaskottane våre «Kula og Myggen», som ønskte velkommen og leia oss gjennom fellessamlinga. Det var morgontrim, fellessong leia av husbandet, koseleg og inspirerande andakt og informasjon om dagen vidare. Etter fellessamlinga var det tid for aktivitetsgrupper. Barna kunne delta på mange ulike aktivitetar: foto, drama, dans, minecraft/ lego robot, hobby/kreativ verkstad, bakeseminar og sportY leik. Foto og SportY seminara utgjekk på grunn ingen påmeldte. Dei andre aktivitetsgruppene vart gjennomført som planlagt, og barna kosa seg. Midt på dagen var det varm lunsj. Vi avslutta dagen med fellessamling der foreldre og søsken var invitert til å vere med på. På samlinga fekk danse- og dramaseminara vise fram det dei hadde laga, og bakeseminaret hadde baka muffins til alle saman. Dei barnekora som ønska fekk også opptre. Det vart ei hyggeleg og inspirerande samling. For barnekora som deltok var det stas å få opptre for kvarandre og publikum.

I KFUK-KFUM vektlegg vi ungt ansvar – vaksen nærvær. Dei fleste av dei frivillige medarbeidarane på arrangementet var mellom 15 og 27 år (husband, programleiarar, forsongarar og aktivitetsleiarar). Fleire av dei yngste medarbeidarar går også på leiarkurs i KFUK-KFUM Bjørgvin, og fekk dermed relevant praksis i å vere barneleiar på festivalen. På denne måten får ungdom og unge vaksne høve til å vekse og utvikle seg, dei får ansvar og tiltru, men innafor trygge rammer der dei får opplæring og erfaringar som er viktige og nyttige å ta med seg vidare i livet.

### **Avvik:**

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen som var 1.mars 2017. Arrangementet vart gjennomført i den perioden då søknaden vår var til handsaming hjå Fylkeskommunen, og vi fekk innvilga støtte ved tildeling i juni 2017. Dermed har vi ikkje reklamert i informasjonsmateriell og informasjon på heimesida vår, facebookside m.m. om at arrangementet er støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Vi fann det unaturleg å informere om at det var søkt om tilskot frå Fylkeskommunen utan å vite om søknaden ville verte innvilga. I årsmeldinga for 2017 vil det verte informert om Kultur Amatør tilskot frå Hordaland Fylkeskommune.

Vi veit også at vi sender inn rapporten noko seint, dette har med at prosjektrekneskapet ikkje har vore klart før no, og ønskte å sende inn ein fullstendig rekneskapsrapport med reelle tal framfor eit estimat.

Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søknadar, då tilsagnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september.

## Prosjektrekneskap:

Prosjektnr. 17 - Kula og Myggen minifestival	
<b>INNETEKTER</b>	
Deltageravgifter	9750
Fylkeskommunal Støtte Kultur Amatør	5000
<b>SUM inntekter</b>	14750
<b>KOSTNADER</b>	
Lønnskostnader	8000
Leie av lokaler	1500
Bespising/kantine	1624,17
Show/Program	992,97
Andre transportkostnader	530
<b>SUM kostnader</b>	12647,14
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	2102,86

### Kommentar til prosjektrekneskap:

Lønnskostandar som er lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til programarbeidar for barn og tweens og dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementet i samarbeid med frivillige medarbeidarar. Lønnskostnadane med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnader, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dei tilsette faktisk brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid – det er eit mykje høgare tal enn kva som er budsjettet med og rekneskapsført. Likevel, så ønskjer ein å synleggjere i våre prosjektbudsjett og prosjektrekneskap at aktivitetane våre må vere med på å finansiere lønskostnadane som kretsen har.